



Multikonsult
Aase Midtun
Nesttunbrekka 95
5221 NESTTUN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/545 - 14/21370

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
19.09.2014

Søknad om ferdigattest gbnr 137/661 Alver - brannstasjon - ombygging

Administrativt vedtak. Saknr: 269/14

Vi syner til søknad om ferdigattest for brannstasjonen motteken, 06.05.2014.

Vedtak:

Kommunen gjev med dette ferdigattest for ovannemnde tiltak, jf plan- og bygningslova § 21-10.

Spesifikasjon.

Byggestad: Gbnr. 137/661
Type tiltak: Brannstasjon
Bygningsnr: 3000011530
Vedtak: Delegert sak behandla den 05.11.2013 og 31.05.2013

Ferdigattesten vert gjeve etter søknad når det ligg føre naudsynt sluttdokumentasjon og fråsegn ferdigstilling , jf byggesaksforskrifta § 8-1.

Ferdigattesten er ikkje ein stadfesting på bygget sin tekniske kvalitet, men ein stadfesting på bygningsstyresmaktene si avslutning av saka.

Bygningen eller deler av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det som er fastsett i dei løyver som er gjevne tidlegare.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som



har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune
v/eigedomsavdelinga
NGIR

Kvernhusmyrane 5914
20

ISDALSTØ

Mottakarar:
Mulitkonsult

Nesttunbrekka 95 5221

NESTTUN